

# VOSS TAXI SA



Uttrågata 19  
Telefon 56 51 13 40  
[post@vosstaxi.no](mailto:post@vosstaxi.no)

02.05.2018

## Til Planavdelinga i Voss Kommune

Voss taxi ynskjer å koma med innspel til «planprogram for offentleg områdereguleringsplan for Vossevangen». Og da tenkjer me spesielt på Hestavangen. Me er ikkje kjent med om der føreliggjer aktuelle planer med Hestavangen, men ynskjer å seie noko om kva som er viktig for oss.

- Me ynskjer å kunna fortsetta og disponere dette området for framtida med tanke på plassering og tilgjengeleghet.

Med tanke på det; «overordna målet om å legge til rette for eit levande og attraktivt regionssenter, med fokus på det grøne skiftet og ei berekraftig utvikling. Vossevangen som regionalt og lokalt sentrum skal utviklast til ein attraktiv plass å bu, besøka og drive næring, handle, oppsøke teneste og treffast. Planen skal styrke identitet og sær preg. Føremål med planarbeidet er å utarbeide ein heilsakleg plan som:

- legg til rette for eit levande og attraktivt regionssenter
- utviklar eit sentrum kor det er godt å leve, bu, arbeide og besøke
- har fokus på ei berekraftig utvikling»

Av den grunn trur me at det er viktig at Voss Taxi har sine lokaler der me er i dag. Det at me har denne posisjonen midt i hjarta av sentrum er verdt og ta vare på både



Uttrågata 19  
5700 Voss

Tlf: 56 51 13 40  
epost: [post@vosstaxi.no](mailto:post@vosstaxi.no)

for kundane våre, men óg som ei bygd med mykje aktivitet. Om de ynskjer eit sentrum som «lever», så trur me at Voss Taxi lyt vere i dette sentrumet.

- Me har også behov for fleire parkeringsplassar no. Me forstår at dette kanskje ikkje er så lett å få til, men det er naudsynt at me i det minste får behalda dei plassane me har også i framtida.

Om det skulle vere ynskjeleg å flytte den gamle drosje bua, vil me vere positive til dette om det kan gi oss fleire parkeringsplassar. Ynskjer også å opplyse om at me har kontakta Samferdselsavdelinga i fylket for å få lyst ut to nye hovudløyve. Dette gjere me for å stå betre rusta for framtidig vekst. Me vonar at dette skal vere godt for alle som nyttar oss.

- Om der skal gjerast planmessige endringar på Hestavangen. Bortsett frå vårt behov for plass, er det også viktig at me er budd på det «grøne skiftet». Det er kanskje ikkje så lenge til bilparken vår gradvis går over til bilar som er ladbar hybrid. Og om ein ser 10 år fram, er der kanskje nokre reine elbilar.

Då ynskjer me at det evt. vert teke med i planane at der bør ligge straumkabel i bakken for framtidige ladepunkt.

- Tryggleiken til fotgjengarar og trafikkflyten i krysset Hestavangen, Uttrågata er ikkje like god til ei kvar tid. Me ynskjer at dette vert vurdert. På morgen og ettermiddag er det mykje trafikk opp og ned Nain-brekko og frå og til Ungdomskulen, Vossabadet og idrettsplassen. Me ynskjer at det vert vurdert om trafikken til Vangen skule kan gå via Lekvemogata slik som trafikken til Gymnaset gjere i dag. Om de ser andre tiltak som kan lett på krysset ved sentralen, så er dette først og fremst viktig for elevane som går til og frå skulane sine.

Me vonar at dette er tankar det vil ta med i planarbeidet for Hestavangen og Vossevangen. Og styret i Voss Taxi SA stiller gladleg om det er noko planavdelinga ynskjer meir innspel på.

Helsing Voss Taxi

Ved Styret;  
Heine Ringheim  
Rune Bolstad  
Daniel Skodje Skaar



Uttrågata 19  
5700 Voss

Tlf: 56 51 13 40  
epost: post@vosstaxi.no